

Voss herad
Postboks 145
5701 VOSS

Dato	29.06.2026
Vår referanse	2023/79082-30
Deres referanse	
Saksbehandler	Åge Avedal
E-post	Age.Avedal@vlfk.no
Telefon	97072734

Lokale fritidserklæringer i kommunane i Vestland

Dette brevet er sendt til kommunane sine postmottak. Vi ber om at det blir sendt vidare til kommunestyret, medlemmer i ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, i tillegg til frivilligsentralar, administrativ leing og tilsette innan fritid, kultur, folkehelse, integrering m.m.

I juni 2026 er det ti år sidan den nasjonale Fritidserklæringa vart signert for første gong. Hausten 2024 vart Fritidserklæringa Vestland signert av 13 offentlege og frivillige organisasjonar, som den første regionale fritidserklæringa.

Vi ser at fritidserklæring kan vere eit godt verktøy for at fleire barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar og ta aktivt del i sitt lokalsamfunn. Vi oppmodar difor kommunane i Vestland om å utvikle lokale fritidserklæringer i samarbeid med frivilligheita.

Fritidserklæringa

«Alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre.» Det er visjonen i [Fritidserklæringa Vestland](#). Fritidserklæringa byggjer på barnekonvensjonen til FN, artikkel 31, som seier at barn har rett til kvile, fritid og lek, og til å ta del i kunst og kulturliv.

Hausten 2025 vedtok fylkesutvalet i Vestland ein [tiltaksplan for Fritidserklæringa Vestland](#). Sentralt i planen er at kommunar skal utvikle lokale fritidserklæringer.

Seminar, verktøy, tilskotsordningar og eksempel

Her er tiltak som er aktuelle i kommunane sitt arbeid med barn og unge si fritid:

- Delta på seminar om korleis lage lokal fritidserklæring under [Styrke i samspel-dagane](#) i Bergen 15.-17. oktober. Seminaret blir gjennomført torsdag 15. oktober kl. 13-14.45.
- [ALLEMED](#) har ulike verktøy for deltaking som kan brukast av både kommunar og frivillige organisasjonar, og har utvikla [mal for lokal fritidserklæring](#).
- På nettsida [inkluderendefritid.no](#) finn du oversikt over korleis kommunane i Noreg jobbar med og har planar for barn og unge si fritid.
- Frivillighet Norge har utvikla [retteleiar for auka deltaking](#), og har ansvar for dei nasjonale rekrutteringsportalane [frivillig.no](#) og [ungfritid.no](#), i tillegg til ei [nettside med støtteordningar for auka deltaking](#).
- Kommunane og ungdomsråda kan søkje fylkeskommunen om midlar til [lokale transporttiltak for ungdom](#).
- Sjå eksempel på lokale fritidserklæringer frå [Kvam herad](#), [Voss herad](#) og [Stord kommune](#).

Alle partane som står bak Fritidserklæringa Vestland jobbar med sine tiltak og vil oppmode kommunane i Vestland om å utvikle lokale fritidserklæringar.

Vi vil gjerne jobbe i lag for at fleire barn og unge kan delta og medverke i fritidsaktivitetar!

Beste helsing

Vestland fylkeskommune, KS Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland ungdomsutval, Vestland Musikkråd, Vestland Idrettskrets, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland, Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane, Vestland Innvandrerråd, Vaksenopplæringsforbundet Vestland, Vestland Frivilligsentralar, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) Sørvest og Nordvest, Vestland kulturvernnettverk og Vestland kulturkrets



Med helsing

Per Morten Ekerhovd
direktør
Kultur og folkehelse (KFO)

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor inga handskriven underskrift.

Mottakarliste:
Kommunane i Vestland